



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

NVE- Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavd, pb 5091

0301 OSLO



Saksbehandlar
Karin Thauland

Tlf. direkte innval
90978556

Vår ref.
2016/744-2

Dykkar ref.
201506172-7

Dato
26.04.2016

Søknad frå Eide Fjordbruk og Lingalaks om løyve til uttak av vatn frå Ænesvassdraget i Kvinnherad - uttale.

Vi syner til brev frå NVE motteke den 8. mars i år kor vi vert beden om å vurdere søknaden frå Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS om uttak av vatn frå Æneselva i Kvinnherad. Søknaden skal handsamast etter kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter § 8.

Dokumentoversyn

Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker. Saka har vore lagt ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Rosendal til 26.4. 2016 som også er frist for innsending av fråsegner til NVE. Den vart og kunngjort på kommunen si heimeside i år.

Bakgrunn for saka:

Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS har planar om etablere eit nytt settefiskanlegg på Ænes for produksjon av 6,6 millionar smolt på opp til 200-400 g. I samband med dette ønskjer dei uttak frå Æneselva gjennomsnittleg vassuttak på 6-60 l/s og eit vassuttak på inntil 200 l/s i kortare periodar for å fylle opp vassmagasin. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 300 l/s heile året. Dei vil nytte ny teknologi med resirkuleringsanlegg (RAS –teknologi)

Plansituasjonen:

Deler er sett av til næringsføremål i gjeldane kommuneplan og delar er sett av til LNF. Planarbeid vart starta opp 1.3.2016 av Akvator. Planområde ligg utanfor Ænesdalen landskapsvernområde. Det har tidlegare vore oppdrettsanlegg på området med løyve til uttak av vatn inntil 60 l/s.

Naturmangfald:

Ænesvassdraget er omfatta av verneplan for vassdrag. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i influensområdet etter det vi kjenner til. Det er ikkje laksevassdrag med eigen bestand, men laks gyt i vassdraget. Ænesdalen er mykje nytta til friluftsliv. Inngangen til område ligg ved kyrkja på andre sida av elva.

Verdiskaping og sysselsetting:

Etablering av anlegget vil skape arbeidsplassar både i anleggsfasen og i driftsfasen. Oppdrettsnæringa er viktig for regionen både med omsyn til matproduksjon og sysselsetting.

Uttale

Vi syner til søknaden frå Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS.

Det må ved etableringa av vassuttaket leggjast til rette for at fisken ikkje går inn og det ikkje legg hindringar for friluftslivet .

Ut i frå ei samla vurdering , kan kommunen rå til løyve til regulering jfr. § 8 i Vassressurslova som omsøkt.

Med helsing

Karin Thauland
næringsrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.